


**bømlo**

**folkehøgskule**

# HANDBOK



## MÅLSETJINGA VÅR

Bømlo Folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule. Målsetjinga vår er å gi elevane læring og meining, der verdiane fred, solidaritet, kreativitet og miljø skal liggje til grunn for det vi gjer.

Bømlo Folkehøgskule er ein allmenndannande skule, der det sentrale er å fremje elevane si personlege utvikling.

Elevane skal vidare utvikle seg til å bli sjølvstendige, til å ta ansvar og få innsikt i si eiga og andre si rolle i fellesskapet.

Vi som arbeider ved skulen ønskjer at du som elev skal få eit minnerikt skuleår, med mange faglege og sosiale utfordringar og positive opplevingar. Vi skal ordne med omgjevnaden, men det er **du som gjer året** gjennom engasjement og initiativ.

Eit godt liv kjem ikkje av seg sjølv, men du formar det sjølv medan du lever.

## HOVUDREGLAR FOR LIVET VED SKULEN

- All undervisning er obligatorisk
- Bømlo Folkehøgskule er ein rusfri skule
- Du skal også delta i dei fellesoppgåver du har som elev

## OBLIGATORISK UNDERVISNING

Det blir notert ned om du ikkje kjem til undervisninga.

I følgje *Fråversreglement for folkehøgskulen* skal fråveret førast på vitnemålet. Du må ha minst 90% frammøte for å få godkjent skuleåret. Ved godkjent skuleår får du to tilleggspoeng og 40% av lånet i Lånekassen blir konvertert til stipend.

Det er råd å søkje permisjon i tråd med gjeldande fråversreglement. Søknad om permisjon skal du sende på e-post til [magne@bomlo.fhs.no](mailto:magne@bomlo.fhs.no) (rektor).

Reelt fråver (timar og dagar) blir ført på vitnemålet, saman med frammøteprosent.

Sidan du sjølv har valt denne skulen, trur vi du gjerne vil vere med på det som skjer.

## RUSFRI SKULE

Vi meiner du får det best på Bømlo Folkehøgskule utan rusmiddel. Derfor seier vi:

- Oppbevaring og bruk av rusmiddel på skulen sitt område er ikkje tillate
- Bruk eller oppbevaring av rusmiddel fører til bortvisning eller utvisning
- Som elev kan du heller ikkje bruke *ulovlege* rusmiddel i heimreisehelgar og feriar. Det kan føre til at du mister elevplassen

På lengre skule- og linjeturar kan det opnast opp for å drikke alkohol (inntil to einingar), men berre når alle er samla og etter turleiar si vurdering. Du kan få kjøpe kvoten din med alkohol når du reiser utanlands, men denne skal leverast inn til oppbevaring straks du kjem tilbake til skulen.

Det er lov å forlate skulen for å drikke alkohol to laurdagar kvart semester. Det er også høve til å reise bort og drikke i samband med fri på laurdag (ein gang kvart semester), men då kan du ikkje kome tilbake til skulen etterpå.

Når du har vore ute og kjem tilbake til skulen skal du gå stille og roleg og leggje deg utan å sjenere medelevar.

Du kan kjøpe alkoholhaldig drikke med aldersgrense 18 år, levere det inn til tilsynslærer - for deretter å få det tilbake når du går ut.

Det er ikkje lov å bruke skulen sine bilar eller båtar til å handle inn eller ta med alkohol ut på fest eller liknande.

## ARBEIDSOPPGÅVER DU HAR SOM ELEV

Bømlo Folkehøgskule er ikkje berre ein skule, men også ein heim der du må ta del i ulike arbeidsoppgåver.

### Ord for dagen:

Alle elevane er ansvarlege for ord for dagen på morgonsamlinga, ein eller fleire gangar. Dagen før du skal ha morgonsamling møter du tilsynslærer for ein gjennomgang og eventuelt hjelp.

### Trivselsgjeng:

Kvar veke har nokre av elevane ansvar for trivselen ved skulen.

### Oppgåvene til trivselsgjengen er:

- Rydding av bord og oppvask på kjøkkenet etter kvart måltid
- Møte 15 minuttar før kveldsmaten for å setje ut mat
- Sjå til at skulen er ryddig
- Møte tilsynslærer utanfor resepsjonen kl 22.00 for rydderunde
- Kome med framlegg til aktivitetar og trivselstiltak på fritida

### Bruk av klasserom:

Du kan bruke klasseromma utanom undervisningstid, men hugs å rydde dei etter bruk.

### Vask og rydding av fellesrom på husa:

Fellesromma på husa (fellesstove, kjøkken, vaskerom og småromma) skal vere reine og ryddige. Elevar har ansvar for dette, og arbeidet blir kontrollert av huslærer. Det blir laga liste i husmøtet.

Husmor tek rundar på hus og rom fleire gangar i veka, og gir tilbakemelding dersom det ikkje er ryddig eller reint nok.

Større husvask tek vi til vanleg før feriar og før avslutning av skuleåret.

### Vask og rydding av eige rom:

For eigen trivsel skal rommet ditt vere reint og ryddig. Sjølv om det er ditt rom, har skulen ansvar for bruken også når desse vert leigde ut til elevar.

**Rydding og reinhald ute og fellesareal:**

Kvart hus er ansvarleg for at det til kvar tid er ryddig og skikkeleg rundt huset. Det vil bli tatt opp i husmøte. Vi har alle eit ansvar for at fellesområda er ryddig.

Det er meininga at du skal bruke skulen, men hugs å rydde etter deg!

**Ved feil, manglar og øydeleggingar:**

Kurt kjem til å ta gå innom kvart hus måndagar i vasketimen og husmøtet. Han skiftar då lyspærer og gjer anna småarbeid. For større reperasjonar må du sende e-post til vaktmeister til adressa arild@bomlo.fhs.no

**VIKTIG INFORMASJON**

**Kveldsro:**

På internata skal det vere ro kl 23.00 på kvardagar og kl 24.00 fredagar og laurdagar. Det er ikkje lov å lage varm mat på husa etter kl 22.00 (bruk av komfyr), grunna brannreglar.

**Bruk av mobiltelefon:**

Med bakgrunn i vanleg folkeskikk skal mobilen stå på lydlaus når det er undervisning. Det er også forventa at mobilen ikkje blir brukt i timar, førelesningar, når vi har besøk av andre som skal formidle noko til oss m.v.

**Omsorg ved sjukdom:**

Ring eller send melding til vakttelefonen om morgonen dersom du er sjuk. Husmor vil då sjå til deg, og ho tar også med mat – dersom du har behov for det. Send melding til vakttelefonen om du ønskjer middag når du er sjuk.

**Må du til lege, tannlege, helsesøster m.v.?**

Dersom du må til lege kontaktar du Bremnes legesenter (53 42 33 11) på dagtid. Etter kl 15.00 og i helgar ringjer du Sunnhordland interkommunale legevakt på telefon 116 117.

Helsestasjon for ungdom på Bremnes er open kvar torsdag mellom 15.30 til 17.30. Dette er eit gratis tilbod, og det er ingen timebestilling.

Bømlo Folkehøgskule har eigen «Helsebror» som i utgangspunktet er på arbeid torsdagar frå kl 09.00-14.00. Han har kontor i enden av gangen mot auditoriet.

Skal du til lege, tannlege m.v. må du tilpasse timen til bussrutene, slik at du ikkje er avhengig av andre. Busstider til og frå skulen heng på oppslagstavla i gangen.

Når du er til lege, tannlege m.v. får du ikkje fråver om du leverer dokumentasjon til rektor.

**Studielån og stipend:**

Vi gir melding til Statens Lånekasse for utdanning når du møter ved Bømlo Folkehøgskule, og nokre dagar etterpå kjem det inn lån og stipend på kontoen din.

Dersom du sjølv er, eller har foreldre/føresette som er medlemmer av eit fagforbund knytt til LO, kan du få tildelt stipend. Då må du levere forbunds- og medlemsnummer til kontorleiar, så vidaresender ho søknaden.

**Post:**

Får du post blir denne lagt i posthyllene i gangen ved administrasjonen (to elevar deler på ei hylle). I resepsjonen kan du kjøpe konvoluttar og frankere brev.

**Studiebevis:**

Det blir bestilt studiebevis i første skuleveka. Med ISIC-kort får du billigare transport når du reiser. Vi tilrår alle å skaffe seg eit "Skyss-kort" eller som mobilapp på telefonen din.

**Bruk av internett:**

Datamaskinene på datarommet kan brukast av alle. Det er trådløst internett på skulen, alle husa og sjøhuset. Nettet er ope frå 07.00 til 01.00.

Ver grei ikkje å leggje inn anna programvare på harddiskane til skulen sine maskiner, men bruker minnepinne til lagring. Nedlasting av pornografi og andre tvilsame sider, kan føre til at du misser skuleplassen din.

Dataansvarleg på skulen kan spore ip-adresser, slik at det er råd å hindre at infiserte maskiner skadar det trådløse nettet m.v.

**Røykjer eller snusar du?**

Skulen og internata er røykfrie. Dersom du blir tatt i å røykje på eit av romma på skulen, må du betale kr 500. Røyking ved skulebygning er berre lov i røykjeskuret.

Snusar du må du vere grei å kaste snusen i nærmaste søppelbøtte.

**Får du besøk:**

Du kan ha besøk, men i utgangspunktet berre i helgane. Gi beskjed om besøk i resepsjonen.

Gjester betaler skulen for mat og opphald etter faste takstar, som er kr 100 pr døgn, om gjesten et her eller ikkje.

**Brannansvarleg:**

Elevrådsrepresentanten på kvart hus er brannansvarleg og har ansvar for å sjekke alle rom, samt å be elevane forlate huset ved ein eventuell brannalarm.

**Reglar for bruk av køyrety ved skulen:**

Av omsyn til dei som bur på området er det ønskjeleg med minst mogleg køyring til internata. Kjør fint!

**Bruk av bilete av deg i nyhetssaker, på heimesida, i brosjyren vår og retten til å bruke bilete:**

Dersom du ikkje ønskjer at foto av deg blir lagt ut på heimesida vår, på Facebook, i brosjyren vår m.v., må du gi melding om dette til rektor like etter skulen er starta.

Dersom ikkje anna er avtalt, reknar vi med at bilete som er tatt av elevar og tilsette ved skulen, kan brukast av Bømlo Folkehøgskule si marknadsføring av skulen (jfr skjema du skriv under når du kjem til skulen).

## REAKSJONAR PÅ REGELBROT

Dersom du som elev ikkje greier å tilpasse deg reglane vi har ved skulen, vil skulen reagere på følgjande måte:

- **Munnleg åtvaring ved mindre regelbrot**
- **Skriftleg åtvaring**
  
- **Bortvising, når skulen ser på brotet som så alvorleg at du på sikt kan miste elevplassen**
  
- **Utvising ved bruk av ulovlege rusmiddel, kriminelle- eller andre alvorlege tilhøve**

## UT I VERDA

Vi treng også noko utanfor folkehøgskuleverda vår. Då kan du anten gå eller sykle 2,5 km bort på "Kanalen", der du finn matvarebutikk og bensinstasjon.

Eller du kan køyre 30 minutt med buss til kommunesenteret Svortland. Der er det fleire butikkar; du finn også post i butikk, bank, kafear, apotek, legekantor og anna.

På Våge skule (ca 400 meter frå skulen) er det bibliotekfilial. Hovudbiblioteket er på Bremnes.

Det er fornuftig å samkøyre og hjelpe kvarandre, og på dagtid løner det seg å kontakte Bjørg i resepsjonen for å høyre om kanskje andre skal til Bremnes m.v.

## VIS RESPEKT FOR KVARANDRE

Dette året skal du bu i lag med folk du ikkje kjenner. Nokon vil vere lik deg, andre svært ulik deg. Dette er spanande, givande og utfordrande.

Møter du dine medelevar med respekt, toleranse og forståing opnar du døra for **venskap for livet**.

## HA EIT STRÅLANDE FINT ÅR!

